

---

**Saksnr:** 2020/62063-1  
**Saksbehandlar** Frode Mannsåker  
**Dato:** 19.08.2020

---

---

**Til:** Administrasjonsutvalet  
Arbeidsmiljøutvalet (AMU VLFK)

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Sjukefråvær VLFK 2. kvartal 2020

### Samandrag

Sjukefråværet i Vestland fylkeskommune andre kvartal 2020 var på 4,46 prosent. Tilsvarande sjukefråvær for dei to samanslåtte fylka første kvartal 2019 var 5,11 prosent. Dette gir ein reduksjon på 12,81 prosent frå i fjor til i år. Det er store skilnader mellom avdelingane og mellom ulike stillingsgrupper. For første halvår 2020 ligg fråværet på 5,44 prosent.


### Statistikkgrunnlaget

Statistikken er henta frå HR-portalen i VLKF, modulen «Rapportar Innsikt». Tal frå 2019 gjeld berre på aggregert nivå, dvs. for heile fylkeskommunen. Det er knytt noko usikkerheit til dei historiske tala pga. samanslåinga. Tal for dei tilsette frå Statens vegvesen er ikkje med i grunnlaget for 2019.

### Utvikling

Figur 1 viser sjukefråværsutviklinga kvartalsvis frå første kvartal 2019 til andre kvartal 2020. Den vanlege sesongvariasjonen kjem fram, der det er høgast fråvær i første kvartal. Fråværet andre kvartal 2020 viser ein markant nedgang, og har truleg samanheng med Covid-19-epidemien og endringane med heimekontor og mindre arbeidsreise.

Figur 1 – Sjukefråvær pr. kvartal



Figur 2 – Sjukefråvær første halvår 2020 samanlikna med 2019.

	Periode	2019			2020			Endring
		Moglege dagsverk	Dagsverk sjuk	Fråvær %	Moglege dagsverk	Dagsverk sjuk	Fråvær %	%
Vestland fylkeskommune	Q1	299 802	17 869	5,96 %	338 088	21 343	6,31 %	5,92 %
	Q2	271 009	13 857	5,11 %	303 275	13 521	4,46 %	-12,81 %
Første halvår	2020	570 811	31 726	5,56 %	641 363	34 864	5,44 %	-2,20 %

Figur 2 viser at medan sjukefråværet i første kvartal 2020 auka med 5,92 prosent, vart det redusert med 12,81 prosent i andre kvartal. For første halvår vart det ein samla reduksjon på 2,20 prosent, frå 5,56 til 5,44 prosent.

### Avdelingsvis sjukefråvær

Det er til dels store forskjellar i sjukefråværet mellom avdelingane i fylkeskommunen. Også internt i avdelingane er det forskjellar. Figur 3 viser første og andre kvartal 2020 og samla tal for første halvår 2020. Dei to avdelingane med høgast fråvær omfattar sektorar med særskilte utfordringar: Organisasjon og økonomi omfattar reinhaldarane, medan Strategisk utvikling og digitalisering omfattar tannhelsetenesta.

Figur 3 – Sjukefråvær pr. avdeling 1. og 2. kvartal 2020.

Avdeling	2020		
	Q1	Q2	1. halvår
ORO - ORGANISASJON OG ØKONOMI	9,22 %	6,94 %	8,15 %
SUD - STRATEGISK UTVIKLING OG DIGITALISERING	10,77 %	7,39 %	9,16 %
INV - INFRASTRUKTUR OG VEG	3,13 %	2,06 %	2,60 %
MOK - MOBILITET OG KOLLEKTIVTRANSPORT	8,00 %	4,00 %	6,13 %
INN - INNOVASJON OG NÆRINGSUTVIKLING	8,08 %	2,65 %	5,46 %
OPK - OPPLÆRING OG KOMPETANSE	5,43 %	3,97 %	4,74 %
KII - KULTUR, IDRETT OG INKLUDERING	4,07 %	3,06 %	3,59 %
<b>Totalt VLFK</b>	<b>6,31 %</b>	<b>4,46 %</b>	<b>5,44 %</b>

### Fråværs lengde og kjønn

Sjukefråværet i VLFK er ca. 80-90 prosent høgare for kvinner enn for menn. Dette er vanleg i norsk arbeidsliv. Det går fram av figur 4 at fråvær over 16 dagar utgjer hovudtyngda av samla fråvær. Fråvær under 16 dagar er sterkt redusert i andre kvartal, og ligg på ca. en tredjedel av tala for første kvartal.

Figur 4 – Sjukefråvær fordelt på lengde og kjønn

VLFK				1-3 dager			4-16 dager			>16 dager			Tilfelle	Dagsverk	Fråvær %
Kvartal	Kjønn	Årsv.	Moglege dagsverk	Tilfelle	Dagsverk	%	Tilfelle	Dagsverk	%	Tilfelle	Dagsverk	%			
2020-Q1	Kvinne	3 243	194 529	1447	1 833	0,94 %	536	2 599	1,34 %	335	10 873	5,59 %	2318	15 305	7,87 %
	Mann	2 329	143 559	661	978	0,68 %	207	1 060	0,74 %	117	4 000	2,79 %	985	6 038	4,21 %
	Total	5 572	338 088	2108	2 811	0,83 %	743	3 659	1,08 %	452	14 872	4,40 %	3303	21 343	6,31 %
2020-Q2	Kvinne	3 232	174 616	550	670	0,38 %	168	785	0,45 %	164	8 133	4,66 %	882	9 588	5,49 %
	Mann	2 323	128 659	174	245	0,19 %	72	358	0,28 %	56	3 330	2,59 %	302	3 933	3,06 %
	Total	5 556	303 275	724	915	0,30 %	240	1 144	0,38 %	220	11 463	3,78 %	1184	13 521	4,46 %

### Stillingsgrupper

Det er også store variasjonar mellom stillingsgruppene i fylkeskommunen. Nokre av gruppene har fått redusert fråværet frå 2019 til 2020: leiarar, pedagogar, miljøarbeidarar, reinhaldarar, driftspersonell og rådgjevarar. Særleg rådgjevarane viser markant reduksjon, dette kan ha samanheng med mykje bruk av heimekontor for denne gruppa. Andre har fått auka fråvær: Kontorpersonell og tannhelsepersonell.

Figur 5 – Sjukefråvær fordelt på stillingsgrupper, 2. kvartal 2019-2020

	Q2 2019	Q2 2020	Endring
Stillingsgruppe	Fråvær%	Fråvær%	%
10 - Skuleleiarar	3,41 %	2,85 %	-16,42 %
11 - Pedagogar	4,33 %	3,67 %	-15,25 %
12 - Miljøarbeidarar	6,73 %	5,62 %	-16,49 %
13 - Kontorpersonell	5,31 %	6,13 %	15,35 %
14 - Reinholdarar	11,28 %	9,95 %	-11,80 %
15 - Driftspersonell	6,62 %	5,73 %	-13,48 %
16 - Tannlege	6,66 %	8,62 %	29,37 %
17 - Tannpleiar	7,87 %	8,16 %	3,62 %
18 - Tannhelsesekretær	9,13 %	10,10 %	10,59 %
19 - Leiarar Fylkesadm.	2,53 %	2,20 %	-12,88 %
20 - Rådgjevarar	4,28 %	2,94 %	-31,16 %
21 - Andre	8,14 %	6,59 %	-19,09 %
Total VLFK	5,11 %	4,46 %	-12,81 %

### Sjukefråværsutviklinga før og etter Covid-19-tiltaka

Det har vore noko merksemd rundt sjukefråvær etter Covid-19-utbrotet, både for pedagogar og reinholdarar. Det var særskilt bruken av eigenmelding for pedagogar som vart omtalt i media.

Figur 6 viser utviklinga av eigenmeldt sjukefråværet blant pedagogar og reinholdarar, frå januar til juni, samanlikna med samla sjukefråvær i fylkeskommunen.

Figur 6 – Sjukefråvær VLFK og pedagogar, jan – april 2020

	Sjukefråvær%					
	2020					
Organisasjon hierarki	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN
VLFK - samla sjukefråvær	5,86 %	6,31 %	6,77 %	4,40 %	4,50 %	4,47 %
VLFK - eigenmeldt	1,23 %	1,06 %	1,15 %	0,20 %	0,44 %	0,41 %
Pedagogar - eigenmeldt	1,00 %	0,58 %	0,42 %	0,03 %	0,13 %	0,14 %
Reinholdarar - eigenmeldt	1,28 %	1,36 %	5,10 %	1,38 %	1,45 %	1,20 %

Figur 6 stadfester at samla sjukefråvær gjekk markant ned i april, og har heldt om lag same nivå i mai og juni. For pedagogane ser vi at eigenmeldingsbruken gjekk ned og har heldt seg svært lågt. For reinholdarane auka eigenmeldt fråvær i mars, for så å legge seg på normalt nivå i april – juni.

Når ein kan arbeide heimanfrå, slik mange pedagogar måtte gjere på slutten av skuleåret, er det rimeleg å anta at behovet for korte sjukmeldingar vert mindre, då det er lettare å ta omsyn til helseplagar når ein er heime enn når ein skal reise til arbeidsplassen og omgåast elevar og kollegaer. Det er og nemnt i ein NRK-reportasje at mange arbeidstakarar er friskare enn før under influensaepidemiar, pga. betre smittevern og mindre stress.